



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Torleiv Skage, 5557 2173

Kommunebesøk 2020 - oppfølging av skogforynging etter hogst

Fylkesmannen har ansvar for å følge opp kommunane sitt arbeid med tilfredsstillande forynging etter hogst. Med bakgrunn i dette vil Fylkesmannen vitje 9-10 kommunar kvart år framover, for dialog, rådgjeving og oppfølging av foryngingsarbeidet.

Skogeigarane i Noreg skal sørge for tilfredsstillande forynging etter hogst, og sjå til at det er samanheng mellom hogstform og metode for forynging. Fristen er 3 år etter hogst. Nasjonal skogstatistikk syner avvik mellom hogd areal og forynga areal, særleg på Vestlandet.

Kommunane har eit lovpålagt kontrollansvar knytt til foryngingsplikta i skogbrukslova. Landbruks- og matdepartementet har gjeve styringssignal om at mangelfullt kontrollarbeid i kommunane bør få konsekvensar ved tildeling av økonomiske verkemidlar på skogområdet. Kommunane som ikkje utfører dei lovpålagde kontrolloppgåvene i 2020 kan ikkje vente tildeling av NMSK-skogkulturmidlar for 2021.

Aktuelle tema vil vere:

Gjennomgang av hogst- og foryngingsstatistikk dei siste tre til fem åra

Kommunale retningsliner for bruk av NMSK-midlar til forynging

Rutinar for oppfølging av skogeigarar som har hogd, men førebels ikkje forynga arealet

Rutinar og sakshandsaming ved fritak frå foryngingsplikta

Gjennomgang av foryngingskontrollen i ØKS

Resultatkartlegging av foryngingsfelt. Kontroll ute av minst eit foryngingsfelt

Ymse – Om det vert tid i løpet av dagen kan sjølvstøtt andre fagtema takast opp



Før kvart møte vil Fylkesmannen lage ei oversikt over hogst og forynging for kvar eigedom i kommunen dei siste tre til fem åra. Denne oversikta vil gje eit grunnlag for dialog og oppfølging, og kommunen vil få oversikta tilsendt i god tid før møtet.

Frå Fylkesmannen vil Merete Larsmon og Torleiv Skage vere ansvarlege for å gjennomføre kommunebesøka.

Vi ser frem til å snakkast, og vil om kort tid kontakte kvar av kommunane for å avtale eit høveleg tidspunkt.

Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Torleiv Skage
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Mottakarliste:

Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Alver kommune	Havnevegen 41 A	5918	FREKHAUG